



FLORA
KOMMUNE

KOMM. OG REG. DUP

17 JAN 2005

09/2771-89

013

PA / SSA / M46

Administrasjonsutvalet	04.01.2005	005/05
Helse- og sosialutvalet	04.01.2005	005/05
Kultur- og oppvekstutvalet	04.01.2005	006/05
Plan- og Miljøutvalet	04.01.2005	005/05
Bystyret	11.01.2005	009/05

Sakshandsamar: Fredrik Gulbranson
Arkiv: K1-002
Objekt:
Arkivsaknr: 2004001333

KOMMUNESTRUKTUR, REGIONINNDELING, DISTRIKTSPOLITIKK OG FOLKESTYRE.

Kva saka gjeld:

Bystyret sin drøfting i høve prosjektet Framtida sine kommunar.

Bystyret drøfta ulike spørsmål knytt til prosjektet Framtida sine kommunar den 28.september i 2004. Endelege konklusjonar er ikkje trekt, men referatet frå "Kafedialogen" følger som prenta vedlegg til denne saka.

Større kommuneiningar med stor mynde til lokalnivået er ei av dei konklusjonane som kan trekkast av ovannemnde debatt.

I løpet av 2004 har debatten om tilhøvet mellom staten og kommunane blitt sterkt aktualisert. Ei rekke med utgreiingar har kome med uttalefrist tidleg i 2005.

NOU 2004:17 "Statlig tilsyn med kommunesektoren" kom 27.september 2004 med høyringsfrist 7.januar 2005.

Kommunenes Sentralforbund sendte 13.september 2004 *KOU 2004:1 "Sterke Regioner"* til kommunane med første høyringsfrist 14.januar 2005.

Kommunenes Sentralforbund har vidare iverksett prosjektet "Framtidig Kommunestruktur – Kommunane tek ansvar for si eiga utvikling"

Distriktskommisjonen la fram si utgreiing: *NOU 2004:19 "Livskraftige Distrikter og Regioner"* 12.oktober 2004.

Oppgaver og ansvar på ulike sektornivå.

I samandraget frå Distriktskommisjonen er ei rekke politikkområde problematisert. Hovudutvala bør serskild drøfte desse framlegga under politisk dag 4.januar.

Bystyret bør ta utgangspunkt i drøftingane i hovudutvala 4.januar med sikte på ei uttale frå Flora kommune den 11. januar.

Uavhengig av desse drøftingane bør høyringsuttalen likevel konkludere med at endeleg fastsetting av korleis det regionale nivået bør sjå ut, både med omsyn til geografi og funksjon ikkje kan gjerast før tilsvarande debatt er gjort med omsyn til kva oppgaver – og utsjånad – den framtidige kommunestrukturen skal ha.

Saksbehandlingen i Flora kommune.

Rådmannen gjer framlegg om at politisk dag 4.januar starter med felles gjennomgang av Distriktskommisjonen sin utgreiing. Distriktskommisjonen sin eigen presentasjon vert lagd til grunn.

Hovudutvala drøfter framlegga frå Distriktskommisjonen for dei saksfelte som etter gjeldane delegasjonsreglement er lagde til kvart einskild hovudutval.

Hovudutvala vel ein representant frå kvart hovudutval som saman med ordførar og rådmann utgjer eit redaksjonsutval som førebur ei samla framstilling og framlegg til høyringsuttale til bystyret 11.januar.

Bystyret drøftar og gjer vedtak om uttale.

FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Saka vert lagt fram til drøfting.

04.01.2005 KULTUR- OG OPPVEKSTUTVALET

Framlegg:

Framlegg frå Repr.Magne Solheim-Olsen,H:
Formannskapet vert redaksjonsutval.

Framlegg frå Repr.Øyvind Berge,SV:
Som redaksjonsutval vert gruppeleiarane valde.

Solheim-Olsen,H trakk sitt framlegg.

Røysting:

Framlegget frå Berge,SV vart samrøystes vedteke.

KUOP-006/05 VEDTAK:

Kultur- og oppvekstutvalet vel gruppeleiarane i dei politiske partia som saman med ordførar og rådmann utgjer eit redaksjonsutval som førebur ei samla framstilling og framlegg til høyringsuttale til bystyret 11.januar.

04.01.2005 HELSE- OG SOSIALUTVALET

Framlegg:

Framlegg frå Repr. Åse Iren Korneliussen,H:
Til redaksjonskomite vel ein formannskapet.

Framlegg frå Repr. Jan Midtbø,AP:

HSU vel Alf Roy Johannessen som utvalets representant i redaksjonsutvalet.

Røysting:

Framlegget frå Midtbø,AP vart vedteke med 5 mot 2 røyster. 2 repr. røysta for framlegget frå Korneliussen,H.

HSUT-005/05 VEDTAK:

HSU vel Alf Roy Johannessen som utvalets representant i redaksjonsutvalet.

04.01.2005 PLAN- OG MILJØUTVALET

Utvalet drøfta saka, men fann det naudsynt med ei breiare drøfting i partigruppene fram mot bystyret si handsaming.

Framlegg:

Leiaren Lars Terje Standal gjorde framlegg om **Hallgeir Helland** som Plan- og miljøutvalet sin reeperesentant i redaksjonsutvalet.

Røysting:

Leiaren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

PMUV-005/05 VEDTAK:

Plan- og miljøutvalet sin representant i redaksjonsutvalet for førebuing av uttale frå bystyret

er: **Hallgeir Helland.**

Plan- og miljøutvalet sin representant i redaksjonsutvalet vart beden om å ta med seg utvalet sine synspunkt i det vidare arbeidet med saka.

11.01.2005 BYSTYRET

Saka var drøfta i hovudutvala på politisk dag 4.januar 05. På bakgrunn av drøftingane i hovudutvala kalla ordføraren inn gruppeleiarane for dei politiske partia til eit arbeidsmøte den 10.januar 05 for å drøfte framlegg til vedtak.

Framlegg:

Framlegg frå Redaksjonsutvalet (gruppeleiarane) v/Hilde Kvamsås Aa,SV:

Med bakgrunn i drøftingane vert det føresle slike vedtak:

1. HØYRINGSFRÅSEGN TIL NOU 2004: 19 «LIVSKRAFTIGE DISTRIKTER OG REGIONER»

Flora Kommune sluttar seg til dei mål og strategiar som ein samla Distriktskommisjon (DK) står bak. Innstillinga frå DK viser at det er mogeleg å føre ein langt meir offensiv distrikts- og regionalpolitikk innanfor det internasjonale avtaleverket Noreg er ein del av. Det er viktig at ein nyttar det handlingsrommet som faktisk finst til å drive ein aktiv distrikts- og regionalpolitikk som kan legge til rette for auka verdiskaping i alle delar av landet. Kommunen vil understreke at vi oppfattar DK si tilråding som eit heilskapleg grep som må sjåast samla for å realisere målsetjinga om å skape vekst og utvikling i alle delar av landet, for på den måten å auke den nasjonale verdiskapinga. Distrikts- og regionalpolitiske mål og resultatkrav må gjerast tydelege innanfor dei ulike sektorane og ein må i større grad enn i dag samordne sektorane og sjå på den samla effekten sektorpolitikken har for ulike distrikt og regionar.

Flora Kommune viser til DK sine tilrådingar innanfor dei ulike sektorpolitikane (pkt. 7.4.3) og har fyljande merknader til desse:

- Innanfor ein nasjonal miljøpolitikk må prinsippet om vern gjennom fornuftig bruk leggest til grunn og det må opnast for lokale og regionale forvaltningsregimer og tilpassingar innanfor arealvern og bruk av arealressursar.
- Landbruk er viktig for busetjing, kulturlandskap og reiseliv. Dersom midlar som i dag går til produksjonstilskot i landbruket må omdisponerast som fylje av WTO-forhandlingane, bør desse midlane brukast i landbruket i landbruksdistrikta til tiltak innanfor pleie av kulturlandskap, bygdeutvikling og utvikling av nye næringar.
- Kommunen støttar dei tilrådingane ein samla DK står bak innan fiskeri og vil særleg gje støtte til at det bør utredast ei ordning med grunnrente. Fiskeressursane er ein nasjonal ressurs og må forvaltast ut frå det. Kommunen ynskjer derfor ikkje eit regionalt forvaltningsansvar for fiskeressursane. Utviklinga i fiskeflåten bør byggje på dei konkurranseføremunene nærleik til ressursane og ein desentralisert flåtestruktur representerer. Råfisklova og Deltakarlova er viktig for å sikre ein lønsam og fiskareigd fiskeflåte og bør derfor oppretthaldast og vidareutviklast.
- Kommunen støttar framlegget om å erstatte dagen konsesjonsavgift for nye havbruksanlegg med ei arealavgift som tilfell kommunane.
- Havbruksnæringa har eit stort vekstpotensiale, særleg innan nye marine artar. For å realisere dette potensialet er det behov for betydeleg betre tilgong på

langsiktig risikokapital og for at det offentlege tek eit større ansvar å gje investeringstilskot og for finansiering av FoU innanfor sektoren.

- Kommunen støttar tilrådingane frå DK innanfor reiseliv, elektrisk energi, industri, petroleum, tenesteytande næringar og lokalisering av offentleg verksemd.
 - Kommunen vil understreke at tilgong på kapital og kompetanse vil - uavhengig av sektor - vere avgjerande for i kva grad ein skal lukkast med å realisere ei auka verdiskaping. Investeringstilskot og såkornfond bør derfor brukast meir aktivt enn i dag, og det er behov for ei satsing på høgskulane og regionale forskningsmiljø. For dei næringsretta FoU-programma som det offentlege støttar er det viktig at desse er langsiktige nok til å fylje prosjekta heilt fram til kommersialisering.
3. Flora Kommune vil understreke at ei styrking av kommuneøkonomien, slik at kommunane har rom for å drive utviklingsarbeid og tilrettelegging for næringsetableringar lokalt, vil vere naudsynt for å realisere mål om å ta heile landet i bruk. Kommunane bør framleis vere generalistkommunar. Det bør samstundes oppmuntrast til samarbeid mellom kommunar som kan gje betre kvalitet på tenestene ein tilbyr. Staten må syte føre at det er samsvar mellom dei oppgåvene kommunane vert pålagde og dei økonomiske ressursane kommunane har til rådvelde. Rammefinansiering bør vere hovudprinsippet i kommunane sitt inntektssystem og det må innanfor inntektssystemet bli teke omsyn til geografi og behov innan næringsutvikling, ikkje berre folketalskriterier. Flora Kommune støttar fleirtalstilrådinga frå DK om å gje kommunesektoren forhandlingsrett med staten om utvikling og iverksetjing av nye oppgåver som vert pålagt kommunane. For å styrke kommunane sin posisjon som sjølvstendige folkevalde einingar meiner Flora kommune at det lokale sjølvstyret må grunnlovsfestast.
 4. Flora Kommune viser til Effektutvalet (NOU 2004: 2) som har gjort greie for at innsatsen innanfor distriktpolitikken er blitt sterkt redusert på dei fleste områder dei siste ti åra. Distriktpolitikk bør sjåast som ei investering i framtidige inntekter og vekstkraft. Kommunen støttar difor DK sine tilrådingar om at den smale distriktpolitikken bør tilførast større økonomiske ressursar og om at det innanfor sektorpolitikane må setjast distrikts- og regionalpolitiske mål som blir fylgde opp økonomisk.
 5. Flora Kommune ynskjer ei forvaltningsreform som gjev større makt til lokale og regionale folkevalde nivå. Ein politikk som er lokalt og regionalt tilpassa og samordna er meir treffsikker og derfor meir effektiv. Nærleiksprinsippet må leggest til grunn for oppgåvefordelinga. Dei oppgåvene som kan leggest til kommunane bør desentraliserast til lokalt nivå. Det er ein føresetnad at mynde og midlar må fylje med oppgåvene. Det er viktig at kommunane får eit økonomisk grunnlag til å vere ein aktiv tilretteleggar og utviklingsaktør for næringslivet.
 6. Oppgåver og ansvar må ligge til grunn for avgjerd om struktur både på kommunenivå og på regionalt nivå. Flora Kommune finn det derfor ikkje føremålstenleg å drøfte geografisk område for framtidige kommunar og regionar før oppgåvefordelinga er noko nærare klarlagt. I arbeidet med kommune- og regionstruktur bør det leggest vekt på å få til ei oppgåvefordeling og ein struktur som er robust og kan stå seg over lang tid.
 7. Punkt 5 og 6 vert i tillegg høyringsfråsegn til KOU 2004: 1 «Sterke regioner».

2. Høyringsfråsegn til NOU 2004: 17 «Statlig tilsyn med kommunesektoren»

1. Flora Kommune er samd med Tilsynsutvalet i at statleg tilsyn med kommunesektoren bør reduserast og sjåast i samanheng med andre kontroll- og påverknadsmåtar. Særleg bør ein legge vekt på effektiv ressursutnytting, omsyn til det lokale folkestyret og på å unngå rolleblending mellom tilsyn og rådgjeving.
2. Flora Kommune støttar Tilsynsutvalet si tilråding om at statleg tilsyn med kommunesektoren bør få eigen heimel i Kommuneleva og at reglane om tilsyn i Kommuneleva kun skal omfatte kommuneplikter. Kommunen er òg samd i at statleg tilsyn ikkje skal omfatte «hensiktsmessighetsskjønn», men avgrensast til legalitetstilsyn. Dette bør legge til rette for at domstolspraksis vert retningsgjevande for omfanget av det statlege tilsynet.
3. Tilsynsmetode bør ikkje lovregulerast. Kommunane, tilsynsområda og einstkildsituasjonar vil vere for ulike til at standardopplegg for tilsyn vil vere tenleg.
4. Flora Kommune meiner sanksjonar bør avgrensast til pålegg. Det bør ikkje opnast for sanksjonar som kan forsterke problema i kommunesektoren. Tvangsmulkt o.a. økonomiske sanksjonar er dårleg eigna til å rette opp tilhøve som skuldast manglande ressursar i kommunane.
5. Flora Kommune tek til vitande at Tilsynsutvalet sitt mandat legg til grunn at tilsynet skal ligge til fylkesmannen. Kommunen meiner det er viktig å samordne tilsyna innanfor ulike sektorar og at det vil vere ein fordel å samle tilsynet organisatorisk i eit tilsynsorgan, men er likvel kritisk til at ein ikkje har vurdert andre alternativ enn ei samordning hjå fylkesmannen.

Framlegg frå Ordførar:

Endring i 2.kulepunkt i pkt.2: i landbruket og , går ut.

Framlegg frå Repr.Berit Seljeseth Osa,H:

Tillegg til pkt.2, siste kulepunkt:

- Strukturen på Distriktpolitisk verkemiddel og tiltakssoner i Innovasjon Noreg må bli meir dynamisk slik at ulike verkemiddel raskt kan tilpassast endra behov.

Nytt pkt.5:

Flora kommune ynskjer ei forvaltningsreform som gjev større makt til lokale folkevalde nivå. Ein politikk som er lokalt tilpassa og samordna er meir treffsikker og derfor meir effektiv. Nærleiksprinsippet må leggest til grunn for oppgåvefordelinga. Dei oppgåvene som kan leggest til kommunane bør desentraliserast til lokalt nivå. Det er ein føresetnad at mynde og midlar må fylgje med oppgåvene. Det er viktig at kommunane får eit økonomisk grunnlag til å vere ein aktiv tilretteleggar og utviklingsaktør for næringslivet.

Åge Larsen,AP ber om gruppemøte. 10 min.gruppemøte.

Framlegg frå Repr.Rune Bortne,H:

Endringar i pkt.2, 3.kulepunkt Ny tekst:

.....Råfisklova og deltakarlova er viktig for å sikre ein lønsam og fiskareigd fiskeflåte og bør difor oppretthaldast, men modifierast.

Endring i pkt.2, 5.kulepunkt (Havbruk):

For å realisere dette potensialet er det behov for betydeleg betre tilgong til langsiktig risikokapital og for at det offentlege tek eit større ansvar i ei tilretteleggjarrolle som fremmer rammevilkår, og bidrar med investeringstilskot og finansiering av FOU innanfor sektoren.

10 minutt gruppemøte.

Røysting:

Tilrådinga og alle framlegg med unntak av Osa sitt endringsframlegg i pkt.5 vart samrøystes vedtekne.

Osa sitt endringsframlegg pkt.5 vart vedteke med 39 mot 6 røyster.

BYST-009/05 VEDTAK:

1. HØYRINGSFRÅSEGN TIL NOU 2004: 19 «LIVSKRAFTIGE DISTRIKTER OG REGIONER»

1. Flora Kommune sluttar seg til dei mål og strategiar som ein samla Distriktskommisjon (DK) står bak. Innstillinga frå DK viser at det er mogeleg å føre ein langt meir offensiv distrikts- og regionalpolitikk innanfor det internasjonale avtaleverket Noreg er ein del av. Det er viktig at ein nyttar det handlingsrommet som faktisk finst til å drive ein aktiv distrikts- og regionalpolitikk som kan legge til rette for auka verdiskaping i alle delar av landet. Kommunen vil understreke at vi oppfattar DK si tilråding som eit heilskapleg grep som må sjåast samla for å realisere målsetjinga om å skape vekst og utvikling i alle delar av landet, for på den måten å auke den nasjonale verdiskapinga. Distrikts- og regionalpolitiske mål og resultatkrav må gjerast tydelege innanfor dei ulike sektorane og ein må i større grad enn i dag samordne sektorane og sjå på den samla effekten sektorpolitikken har for ulike distrikt og regionar.
2. Flora Kommune viser til DK sine tilrådingar innanfor dei ulike sektorpolitikane (pkt. 7.4.3) og har fyljande merknader til desse:
 - Innanfor ein nasjonal miljøpolitikk må prinsippet om vern gjennom fornuftig bruk leggest til grunn og det må opnast for lokale og regionale forvaltningsregimer og tilpassingar innanfor arealvern og bruk av arealressursar.
 - Landbruk er viktig for busetjing, kulturlandskap og reiseliv. Dersom midlar som i dag går til produksjonstilskot i landbrukaet må omdisponerast som fylje av WTO-forhandlingane, bør desse midlane brukast i landbruksdistrikta til tiltak innanfor pleie av kulturlandskap, bygdeutvikling og utvikling av nye næringar.
 - Kommunen støttar dei tilrådingane ein samla DK står bak innan fiskeri og vil særleg gje støtte til at det bør utredast ei ordning med grunnrente. Fiskeressursane er ein nasjonal ressurs og må forvaltast ut frå det. Kommunen ynskjer derfor ikkje eit regionalt forvaltningsansvar for fiskeressursane. Utviklinga i fiskeflåten bør byggje på dei konkurranseføremunene nærleik til ressursane og ein desentralisert flåtestruktur representerer. Råfisklova og

- Deltakarlova er viktig for å sikre ein lønsam og fiskareigd fiskeflåte og bør derfor oppretthaldast, men modifierast.
- Kommunen støttar framlegget om å erstatte dagen konsesjonsavgift for nye havbruksanlegg med ei arealavgift som tilfell kommunane.
 - Havbruksnæringa har eit stort vekstpotensiale, særleg innan nye marine artar. For å realisere dette potensialet er det behov for betydeleg betre tilgong på langsiktig risikokapital og for at det offentlege tek eit større ansvar i ei tilretteleggarrolle som fremmer rammevilkår, og bidrar med investeringstilskot og finansiering av FoU innanfor sektoren.
 - Kommunen støttar tilrådingane frå DK innanfor reiseliv, elektrisk energi, industri, petroleum, tenesteytande næringar og lokalisering av offentleg verksemd.
 - Kommunen vil understreke at tilgong på kapital og kompetanse vil - uavhengig av sektor - vere avgjerande for i kva grad ein skal lukkast med å realisere ei auka verdiskaping. Investeringstilskot og såkornfond bør derfor brukast meir aktivt enn i dag, og det er behov for ei satsing på høgskulane og regionale forskningsmiljø. For dei næringsretta FoU-programma som det offentlege støttar er det viktig at desse er langsiktige nok til å fylje prosjekta heilt fram til kommersialisering.
 - Strukturen på Distriktpolitiske verkemiddel og tiltakssoner i Innovasjon Noreg må bli meir dynamisk slik at ulike verkemiddel raskt kan tilpassast endra behov.
3. Flora Kommune vil understreke at ei styrking av kommuneøkonomien, slik at kommunane har rom for å drive utviklingsarbeid og tilrettelegging for næringsetableringar lokalt, vil vere naudsynt for å realisere mål om å ta heile landet i bruk. Kommunane bør framleis vere generalistkommunar. Det bør samstundes oppmuntrast til samarbeid mellom kommunar som kan gje betre kvalitet på tenestene ein tilbyr. Staten må syte føre at det er samsvar mellom dei oppgåvene kommunane vert pålagde og dei økonomiske ressursane kommunane har til rådvelde. Rammefinansiering bør vere hovudprinsippet i kommunane sitt inntektssystem og det må innanfor inntektssystemet bli teke omsyn til geografi og behov innan næringsutvikling, ikkje berre folketalskriterier. Flora Kommune støttar fleirtalstiltådinga frå DK om å gje kommunesektoren forhandlingsrett med staten om utvikling og iverksetjing av nye oppgåver som vert pålagt kommunane. For å styrke kommunane sin posisjon som sjølvstendige folkevalde einingar meiner Flora kommune at det lokale sjølvstyret må grunnlovsfestast.
4. Flora Kommune viser til Effektutvalet (NOU 2004: 2) som har gjort greie for at innsatsen innanfor distriktpolitikken er blitt sterkt redusert på dei fleste områder dei siste ti åra. Distriktpolitikk bør sjåast som ei investering i framtidige inntekter og vekstkraft. Kommunen støttar difor DK sine tilrådingar om at den smale distriktpolitikken bør tilførast større økonomiske ressursar og om at det innanfor sektorpolitikane må setjast distrikts- og regionalpolitiske mål som blir fylgde opp økonomisk.
5. Flora Kommune ynskjer ei forvaltningsreform som gjev større makt til lokale folkevalde nivå. Ein politikk som er lokalt tilpassa og samordna er meir treffsikker og derfor meir effektiv. Nærleiksprinsippet må leggjast til grunn for oppgåvefordelinga. Dei oppgåvene som kan leggjast til kommunane bør desentraliserast til lokalt nivå. Det er ein føresetnad at mynde og midlar må fylje

med oppgåvene. Det er viktig at kommunane får eit økonomisk grunnlag til å vere ein aktiv tilretteleggar og utviklingsaktør for næringslivet.

6. Oppgåver og ansvar må ligge til grunn for avgjerd om struktur både på kommunenivå og på regionalt nivå. Flora Kommune finn det derfor ikkje føremålstenleg å drøfte geografisk område for framtidige kommunar og regionar før oppgåvefordelinga er noko nærare klarlagt. I arbeidet med kommune- og regionstruktur bør det leggest vekt på å få til ei oppgåvefordeling og ein struktur som er robust og kan stå seg over lang tid.
7. Punkt 5 og 6 vert i tillegg høyringsfråsegn til KOU 2004: 1 «Sterke regioner».

2. Høyringsfråsegn til NOU 2004: 17 «Statlig tilsyn med kommunesektoren»

1. Flora Kommune er samd med Tilsynsutvalet i at statleg tilsyn med kommunesektoren bør reduserast og sjåast i samanheng med andre kontroll- og påverknadsmåtar. Særleg bør ein legge vekt på effektiv ressursutnytting, omsyn til det lokale folkestyret og på å unngå rolleblanding mellom tilsyn og rådgjeving.
2. Flora Kommune støttar Tilsynsutvalet si tilråding om at statleg tilsyn med kommunesektoren bør få eigen heimel i Kommunelova og at reglane om tilsyn i Kommunelova kun skal omfatte kommuneplikter. Kommunen er òg samd i at statleg tilsyn ikkje skal omfatte «hensiktsmessighetsskjønn», men avgrensast til legalitetstilsyn. Dette bør leggest til rette for at domstolspraksis vert retningsgjevande for omfanget av det statlege tilsynet.
3. Tilsynsmetode bør ikkje lovregulerast. Kommunane, tilsynsområda og einskildsituasjonar vil vere for ulike til at standardopplegg for tilsyn vil vere tenleg.
4. Flora Kommune meiner sanksjonar bør avgrensast til pålegg. Det bør ikkje opnast for sanksjonar som kan forsterke problema i kommunesektoren. Tvangsmulkt o.a. økonomiske sanksjonar er dårleg eigna til å rette opp tilhøve som skuldast manglande ressursar i kommunane.
5. Flora Kommune tek til vitande at Tilsynsutvalet sitt mandat leggest til grunn at tilsynet skal ligge til fylkesmannen. Kommunen meiner det er viktig å samordne tilsyna innanfor ulike sektorar og at det vil vere ein fordel å samle tilsynet organisatorisk i eit tilsynsorgan, men er likvel kritisk til at ein ikkje har vurdert andre alternativ enn ei samordning hjå fylkesmannen.

Fredrik W. Gulbranson
rådmann